Høgskolen i Telemark
Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

I

207 ØKONOMI/BUDSJETTERING

ONSDAG 4. DESEMBER 2002

Tid:	5 timer (09.00-14.00)
Målform:	Bokmål/nynorsk
Sidetall:	Forside + 8 + vedlegg på to sider
Hjelpemiddel:	Kalkulator m/ tomt minne
Merknader:	Er det nødvendig å gjøre noen forutsetninger til enkelte av spørsmålene, bes disse presisert
Vedlegg:	1 stk. (to sider)
Info.:	Lykke til! *Bruk tiden og les nøye*. Etter eksamen (fra kl 14 i dag og utover) vil du få løsningsforslag til oppgavene hvis du er interessert i det. Kontakt i så fall faglærer ved å møte opp på Hellandtunet i Kyrkjevegen, ringe 35 06 15 22 eller sende mail til lie@tmforskbo.no

BOKMÅL

Oppgave 1 (30 %)
Se for deg selskapet Bø Bedriftsetablering A/S (heretter kalt BBE) som gjennom lengre tid hadde arbeidet med planer for etablering av en hamburgerrestaurant i Bø. Forestill deg at BBE og Studentsamskipnaden etablerte selskapet Børger'n A/S i april 2000. Kort tid etter satte Børger'n i gang driften av en restaurant sentralt plassert i Bøgata.

Eierfordelingen mellom BBE og Studentsamskipnaden var 80/20. I forbindelse med etableringen hadde BBE dessuten ytt et lån til Børger'n på 370.000 kr som skulle nedbetales (avdras) over 4 år. Åpningsbalansen til Børger'n A/S viste ellers 450.000 kr i egenkapital og 820.000 kr som sum eiendeler. Eiendelene besto av 600.000 kr "på bok" i Bø Sparebank og 220.000 kr som inventar og utstyr, der selskapets ledelse la til grunn en avskrivningsprosent på 12,5.

a) Hvor stor var den samlede gjelden i denne åpningsbalansen, og hvilken/hvilke hovedgruppe(r) i en balanseoppstilling var *ikke* representert med noen konti eller verdi?
b) Hva slags "type" egenkapital snakker vi om i denne (og generelt for alle) åpningsbalanser, og hvor stort beløp (i betydningen likviditet) ble selskapet tilført av BBE i forbindelse med etableringen?
c) Hvor mye vil bli kostnadsført som årlige avskrivninger på inventar og utstyr (forutsatt ingen skrapverdi og lineære avskrivninger med oppstart i 2001), og når kommer denne eiendelskontoen til å stå i null kroner?
d) Under hvilken hovedgruppe ble "startlånet" til Børger'n registrert *i balansen til BBE*, og vil nedbetalingen av lånet komme til å påvirke egenkapitalen i noen av de to selskapene? *Gi en kort begrunnelse.*

I løpet av oppstartsåret (2000) skjedde det en kapitalutvidelse i Børger'n ved at restaurantkjeden Bergbys i Porsgrunn kjøpte nye, utstedte aksjer. Årsresultatet (-overskuddet) ble på 400.000 kr, hvorav 1/5 (20 %) ble bestemt å gå til utbytte. Samlet egenkapital ved utgangen av året var på 970.000 kr. Utbyttet kom til utbetaling i juni 2001 ved at det ble trukket tilsvarende beløp på selskapets kassekreditt i Bø Sparebank.

e) Hvor stort var aksjekjøpet til Bergbys, og oppgi fordelingen mellom de to egenkapital-gruppene per 31.12.00. (*Vis spesielt hvordan du kommer fram til svaret.*)
f) Vis hvordan den aktuelle utbytte*utbetalingen* ble registrert i årsregnskapet til Børger'n. (*Oppgi aktuelt navn på kontoene, hvilken som blir debitert og hvilken som krediteres med hvor stort beløp, og om den enkelte kontoen hører hjemme i resultatregnskapet eller balansen.*) Påvirket selve utbetalingen selskapets egenkapital?
g) Under hvilken hovedgruppe i balansen til Bergbys ville du funnet igjen aksjeposten som ble investert i Børger'n (gitt at de investerte med tanke på ytterligere oppkjøp eller eventuell sammenslåing/fusjon noen år fram i tid)?

BBE eier lokalene der hamburgerrestauranten drives. Børger'n A/S betaler derfor husleie til BBE. Leie betales *forskuddsvis* for tre måneder av gangen. Forfallsdatoene er 01.02, 01.05, 01.08 og 01.11. Per 01.11.00 betalte bedriften et terminbeløp på 27.600 kr i tråd med det som husleiekontrakten regulerte. Beløpet ble trukket på kassekreditten. (Det var ikke fastsatt noen regulering av leien med virkning fra årsskiftet 2000/01, så du kan legge til grunn samme månedlige leiebeløp i den aktuelle perioden.)

h) Vis hvordan du ville ha registrert selve husleie*betalingen* i regnskapet til Børger'n, og dessuten hvilke avslutningsposteringer som måtte foretas for at årsregnskapet skulle vise riktig periodiserte tall. *Bruk samme dokumentasjon/framgangsmåte som angitt i parentesen til spørsmål f).*
i) Hvor stor del av husleiebetalingen per 01.11.00 ble "stående igjen" i resultatregnskapet for 2000, og vil du si at dette periodiserte beløpet er en utgift eller kostnad? Hva kalles det grunnleggende regnskapsprinsippet som her har ligget til grunn?

Oppgave 2 (25 %)
Børger'n har etter hvert utvidet virksomheten sin ved at de tilbyr studentkvelder, ungdomsdiskotek, bedriftsfester i tillegg til en viss catering (ikke bare av klassisk fastfood, men også mer koldtbord-lignende). Mesteparten er kontantsalg, men i enkelte sammenhenger kan betalingsutsettelse (kreditt) tilbys. I 2001 måtte de konstatere et tap på en kunde på i alt 14.000 kr. Ved regnskapsavslutningen for 2000 hadde *ikke* selskapet tatt høyde for noe framtidig tap på sine kundefordringer, siden de fram til da ikke hadde konstatert noen slike tap og at det heller ikke ble vurdert som spesielt sannsynlig framover i tid. Av kundefordringene ett år senere ble det derimot tatt høyde for 10.000 kr som framtidig tap.

a) Hvor stort beløp ble da registrert mot kontoen "Tap på krav" i resultatregnskapet for 2001? Ville det blitt registrert det samme kostnadsbeløpet hvis det per 01.01.01 tross alt hadde vært satt av 5.000 kr til framtidig tap?

I tillegg til daglig leder hadde Børger'n tre andre fast ansatte i 2001. Dessuten hadde selskapet flere studenter og skoleelever inne på lønningslistene sine. På kreditsiden i utgående balanse var det i alt fire kontoer som alle hadde sammenheng med lønnskjøringene (-kostnadene) i 2001.

b) Oppgi aktuelt navn på de ulike kontoene, og hvilke av forpliktelsene forfalt til betaling 15.01.02?

Vareforbruket (-kostnadene) var på 2.675.000 kr i 2001, mens verdien av varebeholdningen var satt til 74.000 kr per 01.01.01 og 10.000 kr *lavere* et år senere.

c) Hva utgjorde vare*kjøpet* i 2001, og hvor stort ville vare*forbruket* ha vært hvis verdien av varebeholdningen heller var 10.000 kr høyere ved utgangen av 2001 enn et år tidligere (*forutsatt den samme størrelsen på varekjøpet som du kom fram til i det første delspørsmålet*)?

Utbetalingene til varekjøp belastes ofte kassekreditten til selskapet, på samme måte som at enkelte av innbetalingene fra varesalg går inn på kassekredittkontoen. Selskapet har avtalt en trekkrettighet på 2 mill. kr jevnt. I tillegg til renter på det som faktisk er trukket til enhver tid, må Børger'n betale et gitt beløp i gebyr/provisjon (tilsvarende en bestemt prosentsats av limiten). Av kontoutskriften fra Bø Sparebank framgikk at de påløpte rentene utgjorde 212.000 kr og provisjonen 40.000 kr for hele 2001. 52.000 kr av de påløpte rentene og halvparten av provisjonen forfalt ikke til betaling før 10.01.02. Rentene og provisjonen for øvrig var betalt (og registrert) gjennom året. Kontoutskriften viste ellers at selskapet faktisk hadde trukket 1.584.000 kr per 31.12.01.

d) Under hvilken hovedgruppe i balansen vil du finne igjen kassekredittkontoen, og hvilket beløp viste denne kontoen i selskapets utgående balanse for 2001?
e) Vis hvordan du ville ha registrert de ikke-forfalte rentene og påløpt, ikke-forfalt provisjon i årsregnskapet for 2001 (*bruk her samme dokumentasjon/framgangsmåte som angitt tidligere*). I hvilken grad ble selskapets driftsresultat og ordinære resultat før skatt påvirket av rentekostnadene og provisjonen dette året?

Nedenfor er listet opp åtte kontonavn fra selskapets *årsregnskap* for 2001

1. Avskrivninger
2. Avsetning til tap på kundefordringer
3. Strøm og brensel
4. Forskuddsbetalt lønn
5. Gebyr/provisjon på kassekreditten
6. Pantelån (ferdig nedbet. i 2004)
7. Bilhold
8. Oppgjørskonto for merverdiavgift og investeringsavgift

f) Oppgi om den enkelte kontoen hører hjemme i resultatregnskapet eller balansen. *I de tilfellene det dreier seg om en balansekonto, bes du oppgi også aktuell hovedgruppe.*

Oppgave 3 (25 %)
Tenk deg at du er rimelig nyansatt kultursjef i Cultura kommune hvor du har det overordnede ansvaret for bl.a. økonomioppfølgingen på de aktivitetene/tjenestene som sorterer inn under kultursektoren i kommunen. Kultursektoren er ett av i alt seks budsjettansvarsområder (rammeområder) i kommunens driftsbudsjett.

Kommunestyret har fastsatt nettorammer for de ulike rammeområdene, og for øvrig lagt til grunn at de enkelte budsjettansvarsområdene bare unntaksvis kan påregne å få tilført noen ekstra midler (tilleggsbevilgninger) gjennom året. I september i år tok du en større gjennomgang av hvordan utviklingen syntes å være på kultursektoren. Etter noen timers arbeid rapporterte du bl.a. følgende oversikt til rådmannen: *(Ved en glipp fylte du ikke ut én bestemt celle/rubrikk. Alle tallene i tabelloppstillingen er i 1.000 kr)*

	Regnskapstall per 01.09.02		Prognose for regnskapstall på årsbasis (hele 2002)		Opprinnelig vedtatt årsbudsjett
Tjeneste	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter*	Nettoutgift (ramme)
Kulturkontoret	250	-26	302	-31	285
Biblioteket	485	-65	580	-75	496
Idrettsarbeid	420	-8	508	-12	510
Ungdomsklubben	410	-42	493	-55	390
Annet barne- og ungdomsarbeid	225	0	280	0	266
Musikk- og kulturskolen	515	-110	630	-215	395
Kulturvern	60	0	78	0	73
Øvrige kulturformål	385	-85	528	-100	410
Prosjektet Nettmus@	78	-35	95	-46	55
Sum kultursektoren	2.828	-371	3.494	-534	Glemt å fylle ut

*): **NB!** Med unntak av tjenestene biblioteket, musikk- og kulturskolen samt øvrige kulturformål er disse inntektsanslagene identiske med de som ble lagt til grunn i opprinnelig årsbudsjett. Inntektene for biblioteket er budsjettert 5.000 kr lavere enn den oppgitte prognosen, inntektene på musikk- og kulturskolen 20.000 kr høyere og inntektene på øvrige kulturformål 10.000 kr høyere enn i prognosen

a) Hvilket beløp har kultursektoren fått tildelt som budsjettramme for 2002, og hvor mye for liten eller stor synes denne å være ut fra tabelloppstillingen ovenfor? Kan det da være behov for å be om en tilleggsbevilgning til kultursektorens budsjett, eller er det "ledige" midler på sektoren som "til nød" andre budsjettansvarsområder kan få tilført?
b) Hvilke tjenester synes å bidra til et forventet overskudd på sektoren, og hvilke til et forventet underskudd? Hva legger du i begrepene overskudd og underskudd i denne sammenheng?
c) Hvor mye må/kan *utgiftene* oppjusteres evt. nedjusteres i budsjettet for kultursektoren samlet? Hvort stort er behovet for budsjettjustering av *inntektssiden* (og i hvilken retning) på grunnlag av de opplysningene som er gitt?
d) Hva er det som spesielt synes å kjennetegne forholdet mellom de samlede utgiftene og nettoutgiftene for tjenestene annet barne- og ungdomsarbeid og kulturvern? Hvilke to inntektskilder vil i praksis være de mest vanlige på tjenesten musikk- og kulturskole?

Oppgave 4 (20 %)
Se på vedlagte regnskapsutdrag (hovedoversikt) som ble framlagt da kommunestyret i Tinn skulle behandle årsregnskapet for 2001. *(NB! Enkelte steder er tekst og beløp "sladdet" av hensyn til spørsmålene nedenfor.)*

a) Hva regner du med står *etter* "Rammetilskudd fra", og hva brukes ofte som en egen betegnelse på denne typen tilskudd (overføringer) og skatteinntekter?
b) Hva kalles resultatbegrepet som viser et tall på 1.997.892 i kolonnen for regnskap 2001, og i hvilken grad var dette en resultatforbedring eller –forverring sammenlignet med 2000?
c) Hva regner du med står *etter* "Motpost", og kan du ut fra dette si noe som spesielt kjennetegner kommuneregnskapet sammenlignet med det resultatorienterte regnskapssystemet private bedrifter baserer seg på?
d) Hvilket resultatbegrep er sladdet på side 2 i hovedoversikten, og beregn hvor stort dette resultatet var ifølge regnskap 2001? *(Oppgi samtidig aktuelt regnskapsteknisk fortegn, og presiser om du da leser det som et overskudd eller underskudd.)*
e) Hva regner du med står *etter* "Overført til" (under bolken for avsetninger), og leser du den siste linjen på hovedoversikten som at det var et regnskapsmessig merforbruk/underskudd eller regnskapsmessig mindreforbruk/overskudd i 2001?

Tinn kommune har inntekter fra naturressursskatt på rundt 40 mill. kr. Disse inntektene inngår i linjen kalt Andre direkte og indirekte skatter.

f) Hvilken skatteinntektstype tror du framgår på linjen rett ovenfor Andre direkte og indirekte skatter, og hvilke skatteinntekter inngår i beregningsgrunnlaget for hva den enkelte kommune får i inntektsutjevnende tilskudd eller trekk over rammeoverføringene (inntektssystemet)?

NYNORSK

Oppgåve 1 (30 %)
Sjå for deg selskapet Bø Bedriftsetablering A/S (heretter kalla BBE) som gjennom lengre tid hadde arbeidt med planar for etablering av ein hamburgarrestaurant i Bø. Førestill deg at BBE og Studentsamskipnaden etablerte selskapet Børger'n A/S i april 2000. Kort tid etter sette Børger'n i gong drifta av ein restaurant sentralt plassert i Bøgata.

Eigarfordelinga mellom BBE og Studentsamskipnaden var 80/20. I samanheng med etableringa hadde BBE dessutan ytt eit lån til Børger'n på 370.000 kr som skulle nedbetalast (avdras) over 4 år. Opningsbalansen til Børger'n A/S viste elles 450.000 kr i eigenkapital og 820.000 kr som sum eigedelar. Eigedelane bestod av 600.000 kr "på bok" i Bø Sparebank og 220.000 kr som inventar og utstyr, der leiinga til selskapet la til grunn ein avskrivingsprosent på 12,5.

a) Kor stor var den samla gjelda i denne opningsbalansen, og kva hovudgruppe(r) i ei balanse-oppstilling var *ikkje* representert med nokre konti eller verdiar?
b) Kva slags "type" eigenkapital snakkar vi om i denne (og generelt for alle) opningsbalansar, og kor stor sum (i tydinga likviditet) blei selskapet tilført av BBE i samanheng med etableringa?
c) Kor mye vil bli kostnadsført som årlege avskrivingar på inventar og utstyr (forutsett ingen skrapverdi og lineære avskrivingar med oppstart i 2001), og når kjem denne eigedelskontoen til å stå i null kroner?
d) Under kva hovudgruppe blei "startlånet" til Børger'n *registrert i balansen til* BBE, og vil nedbetalinga av lånet kome til å påverke eigenkapitalen i nokre av dei to selskapa? *Gi ei kort grunngiving.*

I løpet av oppstartsåret (2000) skjedde det ei kapitalutviding i Børger'n ved at restaurantkjeda Bergbys i Porsgrunn kjøpte nye, utstedte aksjar. Årsresultatet (-overskotet) blei på 400.000 kr, der 1/5 (20 %) blei bestemt å gå til utbyte. Samla eigenkapital ved utgangen av året var på 970.000 kr. Utbytet kom til utbetaling i juni 2001 ved at det blei trekt tilsvarande sum på kassekreditten til selskapet i Bø Sparebank.

e) Kor stort var aksjekjøpet til Bergbys, og oppgje fordelinga mellom dei to eigenkapital-gruppene per 31.12.00. *(Vis spesielt korleis du kjem fram til svaret.)*
f) Vis korleis den aktuelle utbyte*utbetalinga* blei registrert i årsrekneskapen til Børger'n. *(Oppgje aktuelt namn på kontoane, kven som blir debitert og kven som som blir kreditert med kor stor sum, og om den einskilde kontoen høyrer heime i resultatrekneskapen eller balansen.)* Påverka sjølve utbetalinga eigenkapitalen til selskapet?
g) Under kva hovudgruppe i balansen til Bergbys ville du funne igjen aksjeposten som blei investert i Børger'n (gitt at dei investerte med tanke på ytterlegare oppkjøp eller eventuell samanslåing/fusjon nokre år fram i tid)?

BBE eig lokala der hamburgarrestauranten blir driven. Børger'n A/S betaler derfor husleige til BBE. Leige blir betalt *forskotsvis* for tre månader av gongen. Forfallsdatoane er 01.02, 01.05, 01.08 og 01.11. Per 01.11.00 betalte bedrifta ein terminsum på 27.600 kr i tråd med det som husleigekontrakten regulerte. Beløpet blei trekt på kassekreditten. (Det var ikkje fastsett noka regulering av leiga med verknad frå årsskiftet 2000/01, så du kan leggje til grunn same månadlege leigesum i den aktuelle perioden.)

h) Vis korleis du ville ha registrert sjølve *husleigebetalinga* i rekneskapen til Børger'n, og dessutan kva avslutningsposteringar som måtte foretas for at årsrekneskapen skulle vise riktig periodiserte tal. *Bruk same dokumentasjon/framgangsmåte som oppgitt i parentesen til spørsmål f).*
i) Kor stor del av husleigebetalinga per 01.11.00 blei "ståande igjen" i resultatrekneskapen for 2000, og vil du seie at dette periodiserte beløpet er ei utgift eller ein kostnad? Kva kallast det grunnleggjande rekneskapsprinsippet som her har lege til grunn?

Oppgåve 2 (25 %)
Børger'n har etter kvart utvida verksemda si ved at dei tilbyr studentkveldar, ungdomsdiskotek, bedriftsfestar i tillegg til ein viss catering (både av fastfood og meir kaldtbord-liknande). Mesteparten er kontantsal, men i enkelte samanhengar kan betalingsutsetjing (kreditt) tilbyast. I 2001 måtte dei konstatere eit tap på ein kunde på i alt 14.000 kr. Ved rekneskapsavslutninga for 2000 hadde *ikkje* selskapet teke høgde for noko framtidig tap på kundefordringane sine, sidan dei fram til då ikkje hadde konstatert noko slike tap og at det heller ikkje blei vurdert som spesielt sannsynleg framover i tid. Av kundefordringane eitt år seinare blei det derimot teke høgde for 10.000 kr som framtidige tap.

a) Kor stor sum blei då registrert mot kontoen "Tap på krav" i resultatrekneskapen for 2001? Ville det blitt registrert det same kostnadsbeløpet dersom det per 01.01.01 trass alt hadde vore sett av 5.000 kr til framtidige tap?

I tillegg til dagleg leiar hadde Børger'n tre andre faste tilsette i 2001. Dessutan hadde selskapet fleire studentar og skuleelevar inne på lønningslistene sine. På kreditsida i utgåande balanse var det i alt fire kontoar som alle hadde samanheng med lønnskøyringane (-kostnadene) i 2001.

b) Oppgje aktuelt namn på dei ulike kontoane, og kven av pliktene forfalt til betaling 15.01.02?

Vareforbruket (-kostnadene) var på 2.675.000 kr i 2001, mens verdien av varelageret var sett til 74.000 kr per 01.*01.01* og 10.000 kr lågare eit år seinare.

c) Kva utgjorde *varekjøpet* i 2001, og kor stort ville *vareforbruket* ha vore dersom verdien av varelageret heller var 10.000 kr høgare ved utgangen av 2001 enn eit år tidlegare *(forutsett den same storleiken på varekjøpet som du kom fram til i det* fyrste delspørsmålet)?

Utbetalingane til varekjøp blir ofte belasta kassekreditten til selskapet, på same måte som at enkelte av innbetalingane frå varesal går inn på kassekredittkontoen. Selskapet har avtalt ein trekkrett på 2 mill. kr jamt. I tillegg til renter på det som faktisk er trekt til ei kvar tid, må Børger'n betale ein gitt sum i gebyr/provisjon (tilsvarande ein bestemt prosentsats av limiten). Av kontoutskrifta frå Bø Sparebank framgjekk at dei påløpte rentene utgjorde 212.000 kr og provisjonen 40.000 kr for heile 2001. 52.000 kr av dei påløpte rentene og halvparten av provisjonen forfalt ikkje til betaling før 10.01.02. Rentene og provisjonen for øvrig var betalt (og registrert) gjennom året. Kontoutskrifta viste elles at selskapet faktisk hadde trekt 1.584.000 kr per 31.12.01.

d) Under kva hovudgruppe i balansen vil du finne igjen kassekredittkontoen, og kva sum viste denne kontoen i den utgåande balansen til selskapet for 2001?
e) Vis korleis du ville ha registrert dei ikkje-forfalte rentene og påløpt, ikkje-forfalt provisjon i årsrekneskapen for 2001 *(bruk her same dokumentasjon/framgangsmåte som oppgitt* tidlegare). I kva grad blei driftsresultatet til selskapet og ordinært resultat før skatt påverka av rentekostnadene og provisjonen dette året?

Nedanfor er lista opp åtte kontonamn frå årsrekneskapen til selskapet for 2001

1. Avskrivingar
2. Avsetning til tap på kundefordringar
3. Straum og brensel
4. Forskotsbetalt lønn
5. Gebyr/provisjon på kassekreditten
6. Pantelån (ferdig nedbet. i 2004)
7. Bilhald
8. Oppgjerskonto for meirverdiavgift og investeringsavgift

f) Oppgje om den einskilde kontoen høyrer heime i resultatrekneskapen eller balansen. *I dei tilfella det dreiar seg om ein balansekonto, vert du òg bedd om å oppgje aktuell hovudgruppe.*

Oppgåve 3 (25 %)
Tenk deg at du er rimeleg nytilsett kultursjef i Cultura kommune der du har det overordna ansvaret for bl.a. økonomioppfølginga på dei aktivitetane/tenestene som sorterer inn under kultursektoren i kommunen. Kultursektoren er eitt av i alle seks budsjettansvarsområde (rammeområde) i kommunen sitt driftsbudsjett.

Kommunestyret har fastsette nettorammar for dei ulike rammeområda, og for øvrig lagt til grunn at dei einskilde budsjettansvarsområda berre unnataksvis kan påregne å få tilført noen ekstra midlar (tilleggsløyvingar) gjennom året. I september i år tok du ein større gjennomgang av korleis utviklinga syntest å vere på kultursektoren. Etter nokre timars arbeid rapporterte du bl.a. følgjande oversikt til rådmannen: *(Ved ein glipp fylte du ikkje ut ei bestemt celle/rubrikk. Alle tala i tabelloppstillinga er i 1.000 kr)*

	Rekneskapstal per 01.09.02		Prognose for rekneskapstal på årsbasis (heile 2002)		Opphavleg vedteke årsbudsjett
Teneste	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter*	Nettoutgift (ramme)
Kulturkontoret	250	-26	302	-31	285
Biblioteket	485	-65	580	-75	496
Idrettsarbeid	420	-8	508	-12	510
Ungdomsklubben	410	-42	493	-55	390
Anna borne- og ungdomsarbeid	225	0	280	0	266
Musikk- og kulturskolen	515	-110	630	-215	395
Kulturvern	60	0	78	0	73
Andre kulturformål	385	-85	528	-100	410
Prosjektet Nettmus@	78	-35	95	-46	55
Sum kultursektoren	2.828	-371	3.494	-534	Gløymt å fylle ut

*): NB! Med unnatak av tenestene biblioteket, musikk- og kulturskulen samt andre kulturformål er desse inntektsoverslaga identiske med dei som blei lagde til grunn i opphavleg årsbudsjett. Inntektene for biblioteket er budsjettert 5.000 kr lågare enn den oppgjette prognosen, inntektene på musikk- og kulturskulen 20.000 kr høgare og inntektene på andre kulturformål 10.000 kr høgare enn i prognosen.

a) Kva sum har kultursektoren fått tildelt som budsjettramme for 2002, og kor mye for liten eller stor synest denne å vere ut frå tabelloppstillinga ovanfor? Kan det då vere behov for å be om ei tilleggsløyving til budsjettet til kultursektoren, eller er det "ledige" midlar på sektoren som "til nød" andre budsjettansvarsområde kan få tilført?
b) Kva tenester synest å bidra til eit forventa overskot på sektoren, og kven til eit forventa underskot? Kva legg du i omgrepa overskot og underskot i denne samanhengen?
c) Kor mye må/kan *utgiftene* oppjusterast evt. nedjusterast i budsjettet for kultursektoren samla? Kor stort er behovet for budsjettjustering av *inntektsida* (og i kva retning) på grunnlag av dei opplysningane som er gitt?
d) Kva er det som spesielt synest å kjenneteikne forholdet mellom dei samla utgiftene og nettoutgiftene for tenestene anna borne- og ungdomsarbeid og kulturvern? Kva to inntektskjelder vil i praksis vere dei mest vanlege på tenesta musikk- og kulturskule?

Oppgåve 4 (20 %)
Sjå på vedlagde rekneskapsutdrag (hovudoversikt) som blei framlagd då kommunestyret i Tinn skulle behandle årsrekneskapen for 2001. *(NB! Enkelte stader er tekst og sum "sladda" av omsyn til spørsmåla nedanfor.)*

a) Kva reknar du med står etter "Rammetilskudd frå", og kva blir ofte brukt som ei eiga nemning på denne typen tilskot (overføringar) og skatteinntekter?
b) Kva blir resultatomgrepet kalla som viser eit tal på 1.997.892 i kolonna for rekneskap 2001, og i kva grad var dette ei resultatforbetring eller –forverring samanlikna med 2000?
c) Kva reknar du med står etter "Motpost", og kan du ut frå dette seie noko som spesielt kjenneteiknar kommunerekneskapen samanlikna med det resultatorienterte rekneskapssystemet private bedrifter baserer seg på?
d) Kva for eit resultatomgrep er sladda på side 2 i hovudoversikta, og rekn ut kor stort dette resultatet var ifylgje rekneskap 2001? *Oppgje samtidig aktuelt rekneskapsteknisk forteikn, og presiser om du då les det som eit overskot eller underskot.)*
e) Kva reknar du med står etter "Overført til" (under bolken for avsetningar), og les du den siste linja på hovudoversikta som at det var eit regnskapsmessig meirforbruk/underskot eller regnskapsmessig mindreforbruk/overskot i 2001?

Tinn kommune har inntekter frå naturressursskatt på rundt 40 mill. kr. Desse inntektene inngår i linja kalla Andre direkte og indirekte skattar.

f) Kva skatteinntektstype trur du framgår på linja rett ovanfor Andre direkte og indirekte skattar, og kva skatteinntekter inngår i utrekningsgrunnlaget for kva den einskilde kommune får i inntektsutjamnande tilskot eller trekk over rammeoverføringane (inntektssystemet)?

HOVEDOVERSIKT DRIFT - 2001

	Regnskap 2001	Revidert budsjett 2001	Budsjett 2001	Regnskap 2000
DRIFTSINNTEKTER				
Brukerbetalinger	-13.397.341	-12.115.900	-12.625.000	-13.688.899
Andre salgs- og leieinntekter	-32.446.611	-30.684.100	-29.525.000	-30.966.213
Overføringer med krav til motytelser	-64.504.776	-53.534.000	-57.312.000	-64.523.908
Rammetilskudd fra [redacted]	-49.335.828	-48.665.000	-48.300.000	-51.412.906
Andre statlige overføringer	-5.642.485	-4.649.000	-2.560.000	-8.812.699
Andre overføringer	-316.892	-4.310.000	-4.145.000	-4.135.097
Skatt på inntekt og formue	-101.789.997	-102.940.000	-92.000.000	-117.366.157
[redacted]	-32.023.630	-36.866.000	-39.856.000	-39.138.632
Andre direkte og indirekte skatter	-50.254.415	-48.250.000	-48.250.000	-8.339.789
Sum driftsinntekter	**-349.711.975**	**-342.014.000**	**-334.573.000**	**-338.384.301**
DRIFTSUTGIFTER				
Lønnsutgifter	186.044.325	180.702.750	179.913.000	178.265.820
Sosiale utgifter	43.119.932	39.773.000	34.857.000	32.764.471
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal	71.480.770	69.927.800	67.219.000	71.174.531
Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tjeneste	14.916.114	16.332.000	16.623.000	18.481.906
Overføringer	22.867.506	18.248.250	18.257.000	25.226.247
Avskrivninger	13.281.266	0	0	16.708.919
Fordelte utgifter	-47	-20.000	-20.000	0
Sum driftsutgifter	**351.709.866**	**324.963.800**	**316.849.000**	**342.621.894**
[redacted]	1.997.892	-17.050.200	-17.724.000	4.237.593
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER				
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-8.007.634	-2.000.000	-1.200.000	4.108.129

VEDLEGG

Mottatte avdrag på lån	-800.983	-1.374.000	-554.000	-829.150
Sum eksterne finansinntekter	-8.808.617	-3.374.000	-1.754.000	-4.937.278
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	7.322.394	10.700.000	10.700.000	7.808.956
Avdragsutgifter	10.588.485	12.100.000	12.100.000	10.413.644
Utlån	33.601	280.000	280.000	45.073
Sum eksterne finansutgifter	**17.944.480**	**23.080.000**	**23.080.000**	**18.267.673**
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	9.135.863	19.706.000	21.326.000	13.330.395
Motpost [redacted]	-13.281.266	0	0	-16.708.919
[redacted]	[redacted]	**2.655.800**	**3.602.000**	**859.069**
AVSETNINGER				
Bruk av avsetninger				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindre for	0	0	0	-12.925.417
Bruk av disposisjonsfond	-4.338.544	-4.569.000	-3.567.000	-996.687
Bruk av bundne fond	-899.146	-1.799.000	-1.445.000	-9.587.124
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	-650.000
Sum bruk av avsetninger	**-5.237.690**	**-6.368.000**	**-5.012.000**	**-24.159.228**
Avsetninger				
Overført til [redacted]	1.976.172	1.100.000	900.000	8.543.456
Dekning av tidligere års regnskapsmessige merfor	0	0	0	0
Avsetninger disposisjonsfond	467.500	450.000	450.000	13.738.493
Avsetninger til budne fond	955.669	60.000	60.000	1.018.210
Avsetninger til likviditetsreserve	2.102.200	2.102.200	0	0
Sum avsetninger	**5.501.541**	**3.712.200**	**1.410.000**	**23.300.159**
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	**1.883.661**	**0**	**0**	**0**